

UTLYSING: SØK OM LØYVE TIL UMLEIGE AV SMÅ ELEKTRISKE KØYRETØY (ELSPARKESYKLAR) I BJØRNAFJORDEN KOMMUNE

Bjørnafjorden kommune kunngjer ei løyveordning for utleige av små elektriske køyretøy for perioden **1. januar 2027 til 31. desember 2029**.

I tråd med forskrift om utleige av små elektriske køyretøy på offentlig grunn i Bjørnafjorden kommune kan kommunen gi løyve til opptil tre utleigarar for ein periode på tre år.

For å få løyve må søkarane oppfylle minimumskrava i forskrifta § 6. Krava er nærare omtala under «Krav til søknad» i vedlegg 1 (Minimumskrav).

Dersom fleire enn tre søkarar oppfyller krava, vil kommunen velja ut kven som får løyve etter kriteria i forskrifta § 7. Kriteria er nærare omtala i vedlegg 2 (Kriterium for utveljing).

Dette dokumentet skildrar rammene for søknadsprosessen. Vi oppmodar søkarane om å setta seg grundig inn i vilkåra for løyveordninga og forskrifta. Vedteken forskrift finn du [her](#).

Søknadsfrist: 1. september 2026 kl. 12.00

Søknaden må vera motteken innan fristen. Søknader som kjem inn for seint, blir ikkje vurderte. Søkar har sjølv ansvar for å senda søknaden i tide.

Innhald

1. Generell informasjon om reguleringa av ordninga	2
1.1 Soneinndeling og tal på køyretøy	2
1.2 Plassering av køyretøy	3
1.3 Tidspunkt for når tenesta kan vera tilgjengeleg	3
1.4 Deling, bruk og oppbevaring av data	3
1.5 Gebyr	4
1.6 Avslutning av utleigeverksemda	5
1.7 Handheving av løyvet	5
2. Slik søker du om løyve	5
2.1 Språk	5

2.2 Struktur	6
2.3 Innsending	7
2.4 Spørsmål til kunngjeringa eller til søknaden	7
3. Behandling av søknadane	7
3.1 Ettersending og avklaring av opplysningar og dokumentasjon	7
3.2 Tildeling av løyve	8
3.3 Klage	8
4. Vedlegg	8

1. Generell informasjon om reguleringa av ordninga

Vilkåra for løyveordninga går fram av forskrifta. Nedanfor blir det gitt meir detaljert informasjon om nokre av dei sentrale vilkåra og forholda knytte til reguleringa.

1.1 Soneinndeling og tal på køyretøy

Før utlysing har kommunen laga sonekart for tre område av kommunen: Os, Fusa og Eikelandssosen.

Kommunen tillét utplassering av totalt 300 køyretøy. Tal køyretøy i kvar sone er ikkje spesifisert.

Grensene for dei ulike sonene går fram av kartvedlegget til utlysinga (vedlegg 3).

Eit meir detaljert kart, som viser dei konkrete sone- og områdereguleringane etter forskrifta § 9, vil bli gjort tilgjengeleg på kommunen sine nettsider før løyveperioden startar.

Kommunen kan justera kor mange køyretøy som er tillatne i dei ulike sonene i løpet av løyveperioden, jf. forskrifta § 8. Maksimalt tal køyretøy blir fordelt likt mellom utleigarane som får løyve.

Dersom utleigarar ønskjer å plassera ut køyretøy i andre område av kommunen enn dei tre det er utarbeidd sonekart for, vil kommunen oppretta kart med sone- og områdereguleringar også for desse områda og gjera tilgjengeleg før løyveperioden startar. Nye område kan vurderast både frå start, og i løpet av løyveperioden, dersom utleigarar ønskjer å setja ut køyretøy i andre område enn dei det alt er utarbeidd kart over.

1.2 Plassering av køyretøy

Plassering av køyretøy er definert i forskrifta § 2. Bjørnafjorden kommune vil ikkje etablera faste, oppmerkte parkeringssoner ved oppstarten av løyveperioden. Dersom kommunen på eit seinare tidspunkt meiner at det er nødvendig å etablera faste parkeringssoner, vil utleigarane bli varsla.

All plassering av køyretøy skal skje på ein måte som tilfredsstiller alle krav i trafikklovgivinga, og skal ta omsyn til:

- naturlege gangbanar for fotgjengarar, syklistar og andre trafikantar
- at leielinja for blinde og svaksynte blir halden fri
- ei ryddig og arealeffektiv oppstilling

1.3 Tidspunkt for når tenesta kan vera tilgjengeleg

Etter forskrifta § 19 kan utleige skje alle dagar, heile døgnet, med unntak av:

- **kl. 24.00–05.00 natt til laurdag, natt til søndag og natt til raude dagar**

1.4 Deling, bruk og oppbevaring av data

Frå tidspunktet løyvet tek til å gjelda, skal utleigar dela data med kommunen og halda eigne system oppdaterte med data frå kommunen.

For å oppfylle teknologikrava skal utleigar dokumentera at dei kan senda og ta imot data, og implementera geogjerde før oppstart av løyveperioden. Utleigar sine system skal støtta gjeldande versjon av Mobility Data Specification (MDS), inkludert Agency API og Policy API, og halda integrasjonane sine oppdaterte i tråd med nye stabile versjonar av standarden.

På tidspunktet for utlysinga har kommunen ingen avtale med ekstern leverandør av digitalt reguleringsverktøy. Utleigar må likevel oppfylle krava i gjeldande MDS-standard slik at data kan delast med både kommunen og ein eventuell framtidig leverandør dersom kommunen inngår slik avtale i løyveperioden.

Kommunen kan krevja at data blir delte med kommunen eller kommunen sin til ei kvar tid gjeldande leverandør av dataintegrasjon. Datadelinga skal ikkje medføra kostnader for kommunen eller kommunen sin leverandør.

Utleigar pliktar å halda integrasjonane sine oppdaterte i tråd med nye stabile versjonar av standarden. Dette omfattar mellom anna:

- Data til kommunen via MDS Agency API, inkludert posisjonar, hendingar (events) og turdata.
- Data frå kommunen via MDS Policy API, inkludert geogjerder, reglar og soneavgrensingar.

Utleigar pliktar å implementera alle digitale soner og reglar som blir publiserte via Policy API. Så lenge kommunen ikkje nyttar digitalt reguleringsverktøy, skal utleigar implementera soner og reglar slik kommunen kommuniserer dei på annan måte. Kommunen skal varsle om endringar på førehand, og endringane skal gjennomførast innan fristane i § 9 siste ledd.

Kommunen kan i løyveperioden endra soneinndeling og maksimalt tal køyretøy. Endringar blir kommuniserte direkte til utleigar. Dersom kommunen tek i bruk digitalt reguleringsverktøy, blir endringane kommuniserte via Policy API.

Etter forskrifta § 12 skal utleigar dela data om køyretøya sine med kommunen. Når kommunen krev det skal både sanntidsdata og historiske data for alle køyretøy i kommunen delast. Føremålet er å kontrollera at vilkåra i forskrifta og i løyva blir etterlevde.

Før oppstart av løyveperioden skal kommunen og utleigarane som får løyve inngå datadelingsavtale. Datadelinga skal vera kostnadsfri for kommunen. Utleigar skal lagra og kunna dela historiske turdata i minst 90 dagar etter gjennomført tur.

Utleigar er ansvarleg for å informera om driftsproblem og for å retta eller ettersenda manglande data.

Bjørnafjorden kommune er behandlingsansvarleg for data som blir mottekne frå utleigarane.

Kommunen understrekar at føremålet ikkje er å identifisera enkeltpersonar. Brukar-ID skal derfor ikkje delast. Berre data om sjølve køyretøya skal leverast.

Utleigar skal informera brukarane sine om kva data som blir delte med kommunen.

1.5 Gebyr

Utleigarane som får løyve, skal betala gebyr som dekkjer kommunen sine kostnader knytte til administrasjon, tilrettelegging, tilsyn og kontroll, jf. forskrifta § 17.

Kommunen sine kostnader for perioden **1. januar 2027–31. desember 2029** er berekna til kr 72 000 per år. Dersom det blir gjeve løyve til fleire utleigarar, blir gebyret delt likt mellom aktørane.

Dersom det maksimale talet på køyretøy blir auka til meir enn 300 i løpet av løyveperioden, blir gebyret justert tilsvarande auken. Gebyrauken blir berekna med kr 20 per sparkesykkel per måned, summert til kr 240 per sparkesykkel per år, og fordelt på dei aktørane som får utvida løyve.

Nærare informasjon om berekningane som ligg til grunn kan lesast i [sak 39/2026 til kommunestyret](#).

Utgifter som kommunen vil ha i samband med fjerning og forvaring av køyretøy er ikkje med i utrekninga av dette gebyret. Slike kostnader vil bli fakturert separat. Per 2026 er timesats for fjerning og forvaring kr 1350. Denne satsen blir justert årleg,

1.6 Avslutting av utleigeverksemda

Dersom ein utleigar avsluttar verksemda si i løyveperioden, mistar utleigaren løyvet, jf. forskrifta § 18. Løyvet kan ikkje overførast til ein tredjepart.

Bjørnafjorden kommune vil då vurdera om løyvet skal tilbydast den aktøren som kom på fjerdeplass i utveljinga, eller om dei andre utleigarane kan auka talet køyretøy innanfor maksimumsgrensene.

1.7 Handheving av løyvet

Bjørnafjorden kommune kan fjerna og ta i forvaring små elektriske køyretøy som er utplasserte eller parkerte i strid med vilkåra, jf. forskrifta § 16 og lov om utleige av små elektriske køyretøy på offentleg grunn § 6.

Køyretøy som blir tekne i forvaring står på utleigar si rekning og risiko.

Kommunen ønskjer òg tilgang til ein brukarkonto som kan nyttast til effektive stikkprøvekontrollar. Denne skal vera tilgjengeleg ved oppstart.

Løyvet kan trekkast tilbake ved gjentekne eller grove brot på forskrifta eller vilkåra.

2. Slik søker du om løyve

2.1 Språk

Søknaden med vedlegg skal skrivast på norsk, og all informasjon frå Bjørnafjorden kommune vil bli gitt på norsk.

Anna dokumentasjon som blir lagt ved søknaden, til dømes sertifiseringar, må vera skrivne på norsk eller engelsk.

2.2 Struktur

Søknaden skal følga denne strukturen:

Nummerering	Dokumentnamn	Merknader
–	Søknadsbrev	Maksimalt 1 000 ord.
Vedlegg 1	Minimumskrav	Sjå kunngjeringa sitt vedlegg 1 om minimumskrav for instruksjonar og rettleiing.
Vedlegg 2	Stadfesting av registrering i Enhetsregisteret	
Vedlegg 3	Dokumentasjon branntryggleik	
Vedlegg 4	Dokumentasjon som viser rutinar for handtering av defekte batteri, og batteri som skal til gjenvinning	
Vedlegg 5	Stadfesting av oppfyljing av teknologikrav	Gjeld dokumentasjon på oppfyljing av gjeldande datastandard samt dokumentasjon på korrekt respons på digitale reguleringar.
Vedlegg 7	Dokumentasjon av ansvarsforsikring	
Vedlegg 8	Utveljingskriterium – søkar si skildring	Skildringa skal maksimalt vera på 2000 ord. Sjå kunngjeringa sitt vedlegg 2 om kriterium for utveljing. Søkar si skildring skal ikkje vera på meir enn 2000 ord. Dokumentasjon som støttar skildringa kan leggest i eigne vedlegg (8.1, 8.2 osv.), som ikkje blir rekna med i ordgrensa.
Vedlegg 9	Oversikt over vedlegg	–
Vedlegg 10	Sladda versjon av søknaden	Berre konkurransesensitive opplysningar som er omfatta av forvaltningslova § 13 første ledd nr. 2 skal sladdast. Ved innsynskrav vil kommunen likevel vurdere om opplysningane skal unntakast frå offentleg innsyn.

For meir informasjon om kva opplysningar som er omfatta av teieplikt etter forvaltningslova § 13, viser vi til punkt 6.2.4 i rettleiaren til offentleglova.

Alle dokument, med unntak av sjølve søknadsbrevet, skal ha tittel etter følgende mal:
«Vedlegg [X] [Dokumentnamn] [Søkar sitt namn]»

Andre vedlegg, som produktdatablad eller rapportar som det blir vist til i søknaden, skal nummererast løpande etter same struktur. Søkar må konkret visa kvar i vedlegget opplysningane står. Henvisingar skal følge denne malen: «Vedlegg [X], Sidennummer [Y], Avsnitt/Punkt [Z]»

Det er søkar sitt ansvar å sørgja for at alle henvisingar er korrekte. Informasjon i vedlegg vil berre bli vektlagt dersom det støttar opp om innhaldet i søkar si skildring.

2.3 Innsending

Søknad om løyve skal sendast til post@bjornafjorden.kommune.no eller til Bjørnafjorden kommune, postboks 24, 5649 Eikelandsosen.

Søknaden skal merkast med saksnummer 26/6694.

Søknadsfristen er **1.september 2026 kl. 12.00**.

For seint innkomne søknader vil bli avviste.

2.4 Spørsmål til kunngjeringa eller til søknaden

Spørsmål knytte til kunngjeringa skal sendast skriftleg til post@bjornafjorden.kommune.no

3. Behandling av søknadane

Søknadane vil bli vurderte på grunnlag av den dokumentasjonen som ligg føre ved utløpet av søknadsfristen.

3.1 Ettersending og avklaring av opplysningar og dokumentasjon

Kommunen kan be søkar om å ettersenda, supplera, avklara eller utdjupe informasjon og dokumentasjon innan ein kort tilleggsfrist, dersom det som er sendt inn:

- inneheld feil
- er uklart
- manglar vesentlege opplysningar eller dokument

Av omsyn til likebehandling skal ei ettersending, avklaring eller utfylling ikkje føra til at søknaden blir betra. Det betyr at supplerande informasjon berre kan nyttast til å oppklara forhold, ikkje til å styrka søknaden utover det som var sendt inn innan fristen.

3.2 Tildeling av løyve

Bjørnafjorden kommune planlegg å tildela løyve **innan 1. oktober 2026**.

Søkarar som får løyve, vil få tilsendt faktura kort tid etter tildeling.

Tildeling av løyve gir søkar ein rett, men ikkje ei plikt, til å starta utleigeverksemda. Søkar står fritt til å ikkje ta løyvet i bruk.

Løyva blir tildelte på grunnlag av opplysningane i søknaden. Dersom ein utleigar vel å starta opp verksemda, vil utleigaren som hovudregel vera forplikta til å drifta i samsvar med det som vart oppgitt i søknaden gjennom heile perioden. Endringar i teknologiske løysingar eller liknande må avklarast med kommunen på førehand.

Avvik mellom faktisk drift og opplysningar gitt i søknaden kan bli rekna som brot på vilkåra for løyvet.

3.3 Klage

Vedtak om gi eller avslå søknad om løyve er enkeltvedtak og kan klagast på etter forvaltningslova § 28.

4. Vedlegg

1. Skjema for minimumskrav
2. Kriterium for utveljing
3. Kart